

Møtebok FR 19. april 2023

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Onsdag 19. april 2023 kl. 17:00
Opningsord: Heine
Stad: Kyrjekontoret i Thiisafabrikken.

TIL STADES: Dag Sele (Stord), Heine Kaldefoss (Nysæter), Nils Dale Elde (Stord),
Jørgen Knudsen (geisteleg representant), og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar).

FRÅVER: Øyvind Kyvik (kommunal representant), Jens Arne Stautland (Nysæter).

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2023/05 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2023/06 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 09. februar 2023

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2023/07 131 Økonomirapport pr. 31.03.2023

Rekneskapsrapporten pr. 31.03.2023 vert teke til vitande.

Fellesrådet merkar seg særskildt budsjettpostane som omhandlar lønnskostnader, festeavgift og straum.

Samrøysta vedteke.

2023/08 113 Budsjettrevisjon 2023

Endeleg vedtak vert gjort via Epost av dei som var tilstades på møtet, med utgangspunkt i dei signala som kom fram på møte i fellesrådet.

Samrøysta vedteke.

2023/09 233 Møtegodtgjerdse til medlemmer i fellesråd og sokneråd.

Fellesrådet ynskjer å løfta fram dei folkevalgte og den innsatsen dei gjer, og erkjenner at me har eit etterslep på 12 år i forhold til møtegodtgjerdse.

Følgjande satsar skal gjelda frå 01.01.2024 og vert utbetalt i desember kvart år:

Leiar i fellesråd: Kr. 25.000,- pr. år

Leiar i sokneråd: Kr. 10.00,- pr. år

Medlem i fellesråd: Kr. 800,- pr. møte

Medlem i sokneråd: Kr. 700,- pr. møte

Samrøysta vedteke.

2023/10 232 Støtte til terminalbriller for tilsette.

Tilsette i Stord kyrkjelege felleråd får støtte til kjøp av briller som er nødvendige for å kunna utføra arbeidet sitt. Summen ein får refundert frå 01.01.2024 er kr. 4550,-.

Det er ikkje mogleg å be om støtte til briller oftare enn kvart tredje år.

Samrøysta vedteke.

2023/11 225 Storleik på gaver o.l.

Stord kyrkjeleg fellesråd vedtek følgjande satsar frå 01.01.2024, vedk. gaver til tilsette:

50 år: Kr. 1.200,-.

60 år: Kr. 1.200,-.

70 år: Kr. 1.200,-.

*Gåve ved fødsel, konfirmasjon,
dødsfall, bryllup o.l. i nær fam. Ca. Kr. 400,-.*

Når ein tilsett sluttar

Etter mindre enn 5 år: Max. 1.000,-.

Etter mindre enn 10 år: Max. 1.500,-.

Over 10 år: Max. 3.000,-.

Samrøysta vedteke.

2023/12 046 Årsmelding 2022 - innhald

Stord kyrkjelege felleråd ber kyrkjevevja ta med fellesrådet sine innspel til årsmelding 2022.

Endeleg vedtak av årsmeldinga 2022 blir på møtet 15. juni 2023.

Samrøysta vedteke.

2023/13 273 Vegen vidare etter strategisamling 12.april.

Stord kyrkjelege felleråd ynskjer å leggja opp til følgjande samlingar for sokneråda og tilsette komande arbeidsår (23/24):

- *Opplæring etter valget 2023, dvs i slutten av september. Denne samlinga vil ein arrangera før Bispedømmerrådet sitt kurs for nye sokneråd.*
- *Døgnet 12.-13. januar 2024*
- *Kveldssamling, april 2024*

Endeleg fastsetjing av datoar for opplæring sept. 2023 og kveldssamling i april 2024 vert samordna i Leiarforum.

Samrøysta vedteke.

2023/14 415 Pris for utleige av kyrkjelydssalen, Nysæter kyrkje.

Stord kyrkjelege felleråd vil innføra husleige ved utleige av kyrkjelydssalen i Nysæter.

Framlegg til soknerådet: Kyrkjelydssalen i Nysæter med kjøken: kr. 1.000,-.

Saka vert oversendt til høyring i Nysæter sokneråd.

Samrøysta vedteke.

Referat, meldingar, orienteringar:


- Framdrift kontorlokasjon.
- Framdrift, kyrkjelydspedagog, faststilling
- Orientering frå Leiarforum 30.03.2023

- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Dag & Nils
 - Kandidatlista til soknerådsvalget 2023 er godkjent.
 - Ynskjer byta misjonsprosjekt.
 - Deltaking i Borgartoget 17.mai.
 - Ikkje 17.-mai gudsteneste. Prosten talar ved kransenedlegginga utanfor kyrkja.
 - Er gudsteneste på Rommetveit og på Huglo.
 - Deltaking på Kyrkja i Stord & Nysæter sin stand undr Folkehelsedagane.
 - Besøk av Ingvild vedr. konfirmantane.
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Heine & Jørgen
 - Gudstenesteliste.
 - Offerliste
 - Besøk av Bjarte som orienterte om kyrkjemusikalsk arbeid.
 - Basar 28.10.2023. Heine Kaldefoss er basargeneral.
 - Gjennomgang av aktivitetar framover.
 - Godkjenning av kandidatlista til valget.
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Det nye styret er godt i gong med arbeidet.
 - Det vert arrangert dugnad seinare i vår.
- Nytt frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Dag
 - Har hatt møte med ordføraren.
 - Det vert framleis jobba med reguleringsplan for området Frugarden. Dialog med grunneigar.
 - Kommunen skal i mekling saman med statsforvaltaren og fylket.
- Nytt frå staben:
 - Stillingar og status.
- Nytt frå gravplassane.

Stord 19. april 2023

For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar



Liv Kari Bru
Kyrkjeverje/dagleg leiar

Neste møte i fellesrådet er

torsd 15.juni 2023 kl. 17:00